



VINDAFJORD KOMMUNE



FISKERIDIREKTORATET



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Vår dato 02.06.14
Vår ref.:2013/6655
Arkivnr.:421.4

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Klima- og miljødepartementet
Nærings- og fiskeridepartementet
Olje- og energidepartementet
Samferdselsdepartementet
Landbruksdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet

Miljødirektoratet
Fiskeridirektoratet
Oljedirektoratet
Sjøfartsdirektoratet
Kystverket
Mattilsynet
Statens Strålevern

Behov for nasjonale retningslinjer og statleg styring i arbeidet med avvikling av utrangerte offshoreinstallasjonar

Bakgrunn

Vindafjord kommune har utarbeidd reguleringsplan for eit sjøområde i Vats- og Yrkefjorden. Planen opnar for industriell aktivitet i sjøområdet, m.a. seksjonering av utrangerte offshore installasjonar for gjenvinning på det til-liggjande næringsområdet på land, AF Miljøbase Vats. Reguleringsplanen er møtt med motsegner frå Fiskeridirektoratet region Sør og Fylkesmannen i Rogaland.

I meklingsmøte om reguleringsplan vart Vindafjord kommune, Fiskeridirektoratet region Sør og Fylkesmannen i Rogaland samde om å gje ei felles tilbakemelding til overordna styresmakter. Dette brevet vert sendt direkte til adressatane og skal også følge reguleringsplansaka til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fjerning, demontering og gjenbruk av utrangerte offshoreinstallasjonar, er det største og viktigaste avfallshandteringsprosjektet i Noreg. Det er etter vårt syn trong for endå betre nasjonal styring på tvers av sektorar, for å løyse denne oppgåva godt no og i framtida. Det er viktig å planlegge for og drive denne aktiviteten slik at me får til gode interesseavvegingar og tek omsyn til omliggjande miljø på sjø og land. Samstundes er det viktig å ta vare på og skape nytt grunnlag for næringsaktivitet og gje likeverdige og føreseielege vilkår både for industri, fiske og havbruk.

Status for oppfølging av Klif-rapport TA 2643/2010

– «*Avvikling av utrangerte offshoreinstallasjoner*».

Det er behov for ein samla statusgjennomgang av Klif sine tilrådingar i rapporten frå 2010. Om det er ynskjeleg, inviterer me gjerne til ei sektor- og nivåoverskridande samling i Rogaland der forvaltninga i fellesskap kan gjere opp status og ser om me kan få til ytterlegare forbedringar i regelverk og praksis på dette området. Sjøfartsdirektoratet, Kystverket og Kommunal og moderniseringsdepartementet si planavdeling, bør etter vårt syn involverast i tillegg til samarbeidspartane bak nemnde rapport (Miljødirektoratet, Helsedirektoratet, Oljedirektoratet, Fiskeridirektoratet og Statens Strålevern).

Ansvarsavklaring mellom operatør og demonteringsverksemd

Det er behov for ytterlegare avklaring av ansvarsforhold knytt til installasjonane på veg frå oljefelt til gjenbruksmateriale. Særleg viktig er ansvar når uventa negative konsekvensar oppstår og ansvar for kostnader knytt til forsvarleg handtering av farleg avfall.

Klif-rapporten frå 2010 legg vekt på at operatørselskapet skal vera ansvarlig for alle kostnader knytt til avfallshandteringa, også uventa innhald av farleg avfall m.m. Ein installasjon kan seljast via mellomledd før den når demonteringsanlegget. Dette kan medføre problem for dokumentasjon av innhaldet av miljøfarlege komponentar mm i installasjonen. Dette er særleg aktuelt for installasjonar som ikkje kjem frå norsk sektor.

Lokalisering av nasjonale anlegg for gjenvinning, inkl. seksjonering i sjø

I KLIF-rapporten frå 2010 er det vist til ein venta topp i demonteringsaktiviteten her til lands rundt 2020 , av både norske og utanlandske installasjonar.

Det er behov for klare nasjonale kriterium for lokalisering av nasjonale anlegg for demontering, gjenbruk og materialgjenvinning av utrangerte oljeinstallasjonar. Dette gjeld også frakt/ferdsel og mellomlagring. Vidare gjeld det delvis demontering i sjø (seksjonering) og interessevegingar i høve til fiskeri – og akvakulturnæring samt marint liv i fjordområda ved demonteringsanlegga. Lang nasjonal røynsle med klare avvegingar mellom oljeverksemd og fiskeri på sokkelen, må takast i bruk og følgje oljeinstallasjonane heilt inn til skroting.

Styring av avfallstraumar

I kraft av § 33 i forureiningslova, kan staten styre avfallshandtering gjennom enkeltvedtak og forskrifter. Me ser det som viktig at staten bidrar til at store profesjonelle og velorganiserte demonteringsanlegg får hand om all demontering frå offshoresektoren. Om slik demontering blir spreidd på mange mindre aktørar, gjev det melom anna dårlegare kontroll med farleg avfall.

Miljøovervaking og forholdet til EU sitt vassdirektiv

Grunna store interessekonfliktar, er det trong for å styrke nasjonal marin overvaking i fjord og landområde som vert berørt av demonteringsindustrien. Tillit til overvakingsprogram og gjennomføring av desse, må styrkjast. Rapporten frå 2010, vektlegg internasjonalt regelverk til havs (OSPAR, IMO og Havstrategidirektivet), men har ingen referansar til EU sitt vassrammedirektiv. Dette direktivet vil vera førande i framtida for vasskvalitet og økologisk tilstand i kyst- og fjordområda våre.

Det trengst ei kunnskapsheving på kva bioakkumulerande stoff normal drift ved opphogging av oljeinstallasjonar fører til av miljøkonsekvensar på land og i sjø. Ein må også ta omsyn til risiko for uhell og uventa utslepp.

Vidareutvikling av verktøy etter plan- og bygningslova i sjø – også for industri

Det trengs også ei klargjering av kommunen sitt ansvar etter plan- og bygningslova for industriell aktivitet av denne typen og samordning med anna lovverk. Etter forureiningslova skal eit tiltak som krev løyve, vera planavklart på førehand i kommunen. Ein bør også sjå på ansvarsmynde knytt til konsekvensutgreiningar for større industriprosjekt.

Arbeidet med kommune- og reguleringsplan i sjøen i Vats- og Yrkesfjorden har vist at arealplanlegging i sjø treng å utviklast, med krav til og standardar for arealplanar i sjø og planhandtering av arealkonfliktar i sjø. På land er interesseavklaring i kommuneplan og detaljplan for all vesentleg bygg og anleggsaktivitet det normale. Som kystnasjon må me ha eit ambisiøst forhold til interesseavklaring gjennom arealplan også i sjø.

Om staten finn å ville overstyre kommunale planvedtak, så må planavklaringar i sjø følgje same prosessar som på land. Statleg reguleringsplan og statleg godkjenning av kommunale planforslag er like aktuelt for nasjonalt viktige tiltak i og ved sjø som for til dømes større veg- og jernbaneanlegg.

Med helsing

Ole Johan Vierdal
ordførar
Vindafjord kommune

Erik Ludvigsen
regiondirektør
Fiskeridirektoratet region sør

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann i Rogaland

Sakshandsamar: May Britt Jensen
Telefon: 46934768
E-post: fmromaj@fylkesmannen.no

